



Planident	: 96108
Datert	: 11.11.95
Vedteke i kommunestyret	: 25.03.96
Endra ved mvre D 20/2010	: 22.11.10
Endra ved mre D 19/2013	: 12.12.13

**FRÆNA KOMMUNE**

**REGULERINGSFØRESEGNER FOR**

**REGULERINGSPLAN**

**HUSTAD II (BUSTADFELT)**

**§ 01 GENERELT**

Det regulerte området er vist med reguleringsgrense og er oppdelt i:

**Byggjeområde**

- Bustader

**Offentlege trafikkområde**

- Køyreveg
- Gang- og sykkelveg
- Anna vegareal

**Friområde**

- Friområde
- Leikeplassar

**Fareområde**

- Høgspenningsanlegg

**Spesialområde**

- Bevaring, fornminne

## § 02 BYGGJEOMRÅDE

### 2.1 Bustader

#### 2.1.1 Områda er sett av til bustader.

I bustadområda skal det byggast bustadhus med tilhøyrande uthus/garasje. Det kan først opp bustadhus i inntil 2 etasjar. Der terrenget ligg til rette for det kan det i tillegg tillatast sokkeletasje. Maks bygd areal (BYA) er sett til 25%.

#### 2.1.2 Garasjar skal fortrinnsvis først opp som tilbygg til bustadhus og tilpassast dette med omsyn til materialval, form og farge. Garasje skal berre først opp i 1 etasje. Garasjeplassering skal visast på situasjonskart for bustadhus sjølv om den ikkje skal byggast samtidig med dette. I tillegg til garasje skal det visast minst ein biloppstillingsplass på eigen grunn.

## § 03 OFFENTLEG TRAFIKKOMRÅDE

### 3.1 Køyreveg

#### 3.1.1 Området er sett av til offentlig køyreveg.

### 3.2 Gang- og sykkelveg

#### 3.2.1 Området er sett av til offentlig gang- og sykkelveg.

### 3.3 Anna vegareal

#### 3.3.1 Området er sett av til grøfteareal i samband med veg.

## § 04 FRIOMRÅDE

### 4.1 Friområde

#### 4.1.1 Områda er sett av til offentlege friområde.

### 4.2 Leikeplassar

#### 4.2.1 Områda er sett av leikeplassar.

#### 4.2.2 Det er vist plass for ein sandleikeplass i kvart delfelt. I tillegg er det plass til ei balløkke lengst aust i planområdet.

## § 05 FAREOMRÅDE

### 5.1 Høgspenningsanlegg

#### 5.1.1 Innafor faresona der det tidlegare var eit høgspenningsanlegg i lufta, er det no grave ned ein høgspenningskabel. Denne kan ligge innafor eigedomsgrensene på nokre av tomtene.

***Det er derfor særskild viktig at alle som skal utføre bygging eller andre gravetiltak i nærleiken av faresona, må kontakte nettansvarleg for gravemelding/kabelpåvisning***

#### 5.1.2 Byggegrensa mot faresona er slik ho var då anlegget var i lufta. Grensa kan avvikast i nokre tilfelle, men dette må først vere avklart med nettansvarleg og Fræna kommune.

## **§ 06 SPESIALOMRÅDE**

### **6.1 Bevaring, fornminne**

- 6.1.1 Området er sett av til bevaring, fornminne.
- 6.1.2 I området må det ikkje gravast eller byggast installasjonar/bygningar som vert ført ned i bakken. Eventuelle tiltak på området må ikkje settast i gong før dette er avklart med fylkeskommunen si kulturavdeling v/fylkesarkeologen.

## **§ 07 GENERELT**

- 7.1.1 Innafor viste frisiktkantar skal det vere fri sikt i ei høgde av 0,5 m over vegplanum.
- 7.1.2 Når spesielle grunnar ligg føre, kan kommunen etter grunna søknad innafor ramma av bygningslova, gjere unntak frå planen og desse føresegnene.